

Retningslinjer for motorferdsel i utmark – barmarkskjøring i Lesja kommune

Vedtatt i forvaltningsstyret i sak 33/15 den 20.04.2015

Krav til søknaden

- Søkar må bruke standard søknadsskjema for motorferdsel i utmark frå Lesja kommune. Søknaden må vere skriftleg.
- Kart med innteikna køyretrasé skal følgje vedlagt kvar enkelt søknad.
- Søkaren må beskrive behovet og formålet godt, skriv gjerne dette i eige vedlegg til søknadsskjemaet.
- Ved mangelfull søknad behandlas den ikkje før nødvendige opplysningar er levert.
- Søkar har moglegheit til å klage på vedtak som blir gjort i samsvar med forvaltningslova. Klagen sendas Lesja kommune, og oppretthalding av vedtak sendas til Fylkesmannen for endeleg avgjere.

Generelle retningslinjer

- Motorferdsel i utmark og vassdrag skal skje aktsamt og omsynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske (jf. §8 i motorferdsellova).
- Grunneigar har moglegheit til å forby eller avgrense motorferdsel på sin eigendom (jf. §10 i motorferdsellova). For ferdsel på annan sin grunn må grunneigaren sitt samtykke innhentas før kjøring kan skje. Søker er sjølv ansvarleg for å innhente grunneigar sin tillatelse til kjøring.
- I verneområda i kommunen gjeld egne reglar. Verneforskrifter med retningslinjer i forvaltningsplanane styrer dette, men motorferdsellova og forskrift gjeld likevel i heile kommunen.
- I verneområda må motorferdselsøknaden også behandlas av vernemyndigheita, alle søknader sendas til Lesja kommune. Normalt behandlas søknaden fyrst av vernemyndigheita, og deretter av Lesja kommune.
- Køyretillatelsen skal vere skriftleg og medbringas under køyring. Køyrebok skal innleveras etter køyring til Lesja kommune.
- Mislighald av dispensasjonen og/eller vilkår satt i den, samt endra føresetnader, kan føre til inndraging av dispensasjonen eller anna oppfølging jf. motorferdsellovverket.
- Alle søknader skal behandlas etter naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7.
- Nattforbud: All kjøring mellom kl. 22.00 og 07.00 er forbode.

Retningslinjer til §6 i Nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

- Vedtaksmyndigheit etter §6 er forvaltningsstyret i Lesja, eller det organet kommunestyret har delegert heimelen til.
- Dispensasjon for barmarkskjøring utover kva som tillates i gjeldande motorferdsellovgjeving kan kun tillatas i heilt spesielle tilfelle etter ein konkret vurdering. Det kan brukas lokalt skjønn.
- Den enkelte søknad må sjåast i samanheng med forventa tal tilsvarende søknader.
- Søkaren må påvise eit særleg behov og køyringa må vere nødvendig og ha ein akseptert nytteformål.
- Behovet må som hovudregel ikkje kunne dekkas på anna måte.
- Behovet for transport skal vurderas opp mot moglege skader og ulemper for natur og menneske knytt opp til eit mål om å redusere motorferdsel på eit minimum.

- Transport skal fortrinnsvis skje langs eksisterande køyrespor, t.d. traktorveg/kjerreveg.
- Søknader om transport på barmark utanfor opparbeid skogsveg/traktorveg skal vurderas svært restriktivt.
- Dispensasjonar etter §6 blir gjeve for: - ei avgrensa periode, normalt med tal turar
 - Innteikna/godt beskrive trasé og gjeve formål

Retningsliner til §5a i Nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

- Vedtaksmyndigheit etter §5a er forvaltningsstyret i Lesja, eller det organet kommunestyret har delegert heimelen til.
- §5a omhandlar berre søknad om bruk av motorkjøretøy til transport av *materiell* og *utstyr* og skal vere i tilknytning til *utmarksnæring*.
- Verksemda må vere registrert i Einskapsregisteret og dreie seg om ei verksemd av økonomisk karakter.
- Transport av personar er forbode.
- Den enkelte søknad må sjåast i samanheng med forventa tal tilsvarande søknader.
- Fyrste gongs tillatelsen gjevast for er på inntil to år.
- Tillatelsen kan forlengast med fire år av gangen om verksemda er momspliktig.
- Tillatelsen kan berre gjevast for transport langs eksisterande traktorveg.
- Tillatelser etter §5a blir gjeve for: - ei avgrensa tal turar/tidsrom
 - Tillatelsen skal kun vere knytt til utmarksnæringa som verksemd.
 - Innteikna/godt beskrive trasé og gjeve formål